

Publisert i 2009

# Oppblåste sjøhestar

TEKST: TROND RØDVIK

Langt under havoverflata vandrar dei tett saman to og to. Dei skiftar farge for å imponere, og gjer innvikla rørsler til kvarandre. I dagevis. Vi snakkar om sjøhestane, som er langt meir romantiske enn dei firebeinte namnebrødrene på landjorda.

På landjorda er det ofte sånn at menn trekkjer magen inn når hoene vandrar forbi, men når sjøhest-hannen bles opp bukposen sin, veit hoene at her er ein kar dei kan satse på. Ein kar som har plass til mange egg! Og mennene tenkjer òg stort. Hos store, røslege damer

veit dei at dei kan finne mange og gode egg.

Etter ein svært intens forelskelse, endar det med at dei vil ha barn saman. Alt normalt så langt. Men kva skjer? Hoa puttar eggja opp i ein svær pose på magen til mannen. Der blir eggja befrukta, og mannen går gravid heilt til friske, fine sjøhest-podar gløttar ut 2 til 4 veker etter.

Forskarar har introdusert både små og store damer for mannen. Og konklusjonen: Små damer? Nei, takk!



**Sjøhest-hoa puttar eggja i ein pose på magen til mannen. Her blir eggja befrukta, og mannen går gravid i 2 til 4 veker.** FOTO: 1-IMAGES.NO